


Til offentlege og private høyringsinstansar og berørte partar, sjå liste på siste side

Dato: 10.11.2025
 Vår ref.: 250177 SG
 Dykkar ref.: SFE produksjon v/Arild Bruland

Varsel om oppstart for detaljregulering for småbåthamn i Ålfoten gnr/bnr 115/57 i Bremanger kommune, plan ID 202503.

I medhald av plan- og bygningslova (pbl.) § 12-8 vert det varsla oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan Jf. pbl. § 12-3 for småbåthamn i Ålfoten gnr/bnr 115/57 m.fl, i Bremanger kommune. PlanID 202503.



Figur 1. Oversiktskart syner plasseringa av planområdet med oval figur.

Tiltakshavar


SFE produksjon AS v/ Arild Bruland.

Plankonsulent

Nordplan as avd. Nordfjord. Kontaktperson for planarbeidet er Siri Gausemel på sg@nordplan.no eller tlf: 940 14 296.

Bakgrunn og føremål

SFE produksjon AS ynskjer å utarbeide ein detaljreguleringsplan for området ved butikken i Ålfoten. Arealet på land er i dag nytta til butikk/kafé, bustad, parkeringsareal og kai. Gjennom området går også kommunal veg «Ålfotvegen» med fartsgrense 50 km/t. Det er etablert vatn-, avlaup og straum, kapasitet må avklarast nærare.



Figur 2. Oversiktskart syner plasseringa av planområdet med oval figur.

Hovudføremålet med reguleringsplanarbeidet er å legge til rette for småbåthamn med tilhøyrande infrastruktur i tilknytning til parkeringsplassen og butikken.

Planavgrensing

Plangrensa er lagt 20m frå utløpet av bekken som kjem ned ved gnr/bnr 115/27. Utklipp frå kommuneplanen sin arealdel over. Det er også teke sikte på at forankringskablarsom ligg om lag ned til 25m djup kjem innanfor plangrensa. To strekk med djupare forankring langs søraust kjem ut om denne avgrensinga.

Planstatus

Foreslått planområde er omfatta av følgjande planar:

- Kommuneplanens arealdel (planID 201804, 2024).

I kommuneplanen sin arealdel er planområdet på land avsett til «Andre typer bebyggelse og anlegg, framtidig» ved butikken og «,- nåverende» langs stranda i vest. I sjø er det sett av areal til

«småbåthamn» og til «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone». Det er stilt krav om ny reguleringsplan for dei føremåla som planarbeidet omfattar.



Figur 3. Utsnitt av kommuneplanens arealdel. (kommunekart). (Kommunekart).

Førebels risiko- og sårbarhetsvurdering

Førebels risiko- og sårbarhetsvurdering peikar på følgande tema som relevante for det vidare planarbeidet:

- Akutt ureining: (Tema i planomtalen)
- Flaum og stormflo/havnivåstigning: Deler av planområdet ligg innanfor aktsemdsone for flaum. (ROS metodikk)
- Kvikkleire: planområdet ligg innanfor potensielt fareområde for kvikkleire. (ROS metodikk)
- Ekstremvind: det vil vere viktig å dokumentere at denne problemstillinga er godt vurdert i samband med val av løysing for tiltak i sjø. (ROS metodikk)
- Trafikk: vurdere verknader ved auka trafikk på tilkomst, parkering etc. (ROS metodikk)
- Brann: tilgang på sløkkevatn og framkomelegheit for utrykkingskøyretøy. (Tema i planomtalen/VAO rammeplan)
- Vassforsyning/overvatn. (Tema i planomtalen/VAO rammeplan)
- Avlaupssystem: Kart over eventuelle avlaupssystem innhentast. (Tema i planomtalen/VAO rammeplan)

Krav om konsekvensutgreiing

Det er vurdert at planen ikkje er omfatta av §§ 6, 7 eller 8 i forskrift om konsekvensutgreiingar (06/2017) (KU-forskrifta), og planen løyser dermed ikkje ut kravet om konsekvensutgreiing.

Medverknad

Oppstart av planarbeidet blir kunngjort i avisa Fjordenes Tidende. Varslingsbrev blir sendt til aktuelle partar og offentlege instansar. Varslinga og ytterlegare informasjon om planen vert tilgjengeleg på Bremanger kommune og på Nordplan sine nettsider.

Innspel til planarbeidet skal vere skriftlege og kan sendast på følgjande måtar:

- på e-post til sg@nordplan.no,
- ved brev til Nordplan AS avdeling Nordfjord v/Siri Gausemel, Lotevegen 21, 6770 Nordfjordeid

Frist for innspel er sett til fredag 15.12.2025.

Vidare saksgang

Når fristen for å kome med innspel har gått ut, vil det bli utarbeidd eit komplett planforslag. Dette blir sendt til Bremanger kommune for sakshandsaming. Alle skriftlege innspel vil bli dokumentert, kommentert og vurdert i planarbeidet.

Etter første gongs handsaming i kommunen vert planforslaget lagt ut til offentleg ettersyn. Råka partar og offentlege instansar blir varsla skriftleg, samt at det blir kunngjort avisa Fjordenes Tidende og lagt ut på kommunen si nettside. Det vert på nytt anledning til å kome med innspel/merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming.

Med helsing
for Nordplan AS



Siri Gausemel
Arealplanleggar

Offentlege høyringspartar

Namn	E-post
Fylkeskommunen	
- Vestland	post@vlfk.no
Statsforvaltaren	
- Vestland	sfvlpost@statsforvalteren.no
NVE	nve@nve.no
Linja AS /BKK	post@linja.no / kundepost@bkk.no
Nordfjord / Sunnfjord miljøverk IKS	post@nomil.no / post@sum.sf.no
Fiskeridirektoratet	postmottak@fiskeridir.no
Sogn og Fjordane fiskarlag (v/Norges Fiskarlag)	fiskarlaget@fiskarlaget.no
Sogn og Fjordane småfiskarlag	Ottar Nygård Pernesvegen 23 6717 Flatraket
Kystverket	post@kystverket.no
Firda billag	post@firda-billag.no
Ålfoten nærbutikk	V/Ålfoten utvikling AS (Bjarte Myklebust bjartemyklebust@hotmail.com)
Bremanger kommune v/avdeling	
- Brann og redning	
- Teknisk drift	

Private høyringspartar

Namn	Eigedom
Ingebjørg L. Myklebust	115/2, 7
Hilde Myklebust	115/3
Ole Jonny Myklebust Elde	115/9, 27
Lisa Førde Refsnes	115/20
Ålfoten utvikling As	115/40
Sissel Irene Myklebust	115/43
Bremanger kommune	115/57
Anne Elin Bjerke	115/64
Jan Hütter og Martina Hanna Rudat	115/72